Emne nr. 11.

Ymse attåtfôr

Per O. Elgshöen, f. på Elgshöen 1880. Bonde

I ikkje så sjelden

Fylke: Hedmark
Herad: Trysil
Bygdelag: Flendalen
Gard: Gr. nr. 28, br. nr. 9.

I-A Det er ukjent at röter er nytta som fôr, anna enn kvannerötter som [vart] ein [gong] koka sorpe-lôg på til kyrne. Ein tok dei [struck] i kjeller så snart dette vart fri om [struck] våren. Det vart brukt til å alkoyte på med, oppe saman med skav (bork)

B. Kjenner ikkje til at beregner er nytta som fôr.

II. Tang og tare er naturleg nok ikkje nytta her, men på Drevdalen (gard i Drevdalen rett aust for Elgshöen på andre sida Skalfjellet), rekna dei med at dei var framfödde når Drevsjöen (ikkje Drevsjöen ved Femunden) gjekk opp om våren. Då sanka dei sjögras der med store river. P.O.E. veit ikkje heilt visst kordeis dei gav dette [struck] graset, men trur helst [struck] kröttra fekk det slik det var.

III Ukjent.

IV 1. Hestemökk er ikkje nytta som fôr no, det P.O.E. veit. På Elgshöen slutta dei med det for omlag 15 år sidan. Når dei slutta med det, var det fordi det vart for arbeidsamt og, fordi det gjekk med så mykje ved til kokinga og fordi fjöskontrollen hadde funne ut at hestemökka var skuld i at du hadde så tynn mjölk. Feitt-prosenten gjekk og sterkt opp etter dei slutta med hestemökka

Hestemökka var ein fast ledd i foringssystemet, ein rekna med at kvar ku skulle ha 1 bötte (14-15 l.) pr. dag.

81.5

Veit ikkje om hestemökka vart nytta slik under siste krigen.

2. Dersom ein hadde mjöl til det, kunne kyrne få

11782

litt mjöl på hestemökka.

1. Hestemökka vart ~~vanleg~~ alltid kokt ein times tid i bryggepanna, til vanleg saman med litt höy eller höymö (rusk og rask på löa). Skjemt höy vart alltid nytta til dette dersom ein hadde det. Elles kunne ein skikka opp „godbiter" som ein hadde, t.d. litt rognebork e.l.

V 1. Det vart slutt med å koke sörpe til dyra for omlag 15 år sidan fordi det vart for arbeidsamt. Omlag samstundes fekk ein silofôr

På Elgshöen har dei no bryggehus i fjöset. Der kokte dei sörpeföret. Før dei fekk bryggehus der, kokte dei på bryggepanna i fjöset.

Kyrne fekk lögen i bötte (tre, sidan sink) og sörpa i krubba. Sörpekolle e.l. er ukjent.

2. Det vanlege var å koke sörpe av tåhöy (höy på jordet) med eit eller anna til (potetlauv, grønfôr, lauv). Korn vart ikkje dyrka på Elgshöen, og det var hverken korn eller mjöl i sörpa Γ. Thea Elgshoen (f. i Heggeriset, Engerdal 1883) fortalde at i Heggeriset vart det kokt sörpe på agner men ikkje på korn eller mjöl, ~~[illegible]~~ Derimot var no ein hadde ei nybære i fjöset, då vart det kokt sörpe på eit kornband F. nybæra fekk kornbandet.

Γ men ei nybære kunne få litt mjöl på sörpa

F + eit eller anna

3. Både sörpe og lög vart gjeven ly, mjölkely (lunka)

11782

4. Ein sanka ikkje rognebær for å koka dei til sørpe eller nytta dei som fôr på anna vis. Men det hende ein ~~tok~~ kokte ein rognekvist med bær på saman med det andre ein hadde i sørpa.

5–6. Vrint å få tak i drank eller mask.

7. Ein hadde løg på kvannerot om voren etter at kjelden var fri. Høymo vart ofte brukt som sørpefôr, likeeins potetstilk saman med høy. Brennenesle veks ikkje på Elgshvea. I Heggeriset veks den, men vart ikkje nytta som sørpefôr der heller. Kveke vart ikkje brukt til å koke løg på.

Det var ikkje vanleg å koke løg ~~[illegible]~~ for seg. Løg var på ein måte biprodukt av sørpekokinga.

Å stelle kyrne utan sørpe og løg heitte å „kaldstelle".

VI Fiskeavfall vart ikkje nytta.

Nedskrive av Andreas Kopeid 2/6 1953

11782

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Trysil.

Emne: Ymse attåtfór.

Bygdelag: Flendalen.

Oppskr. av: Andreas Ropeid.

Gard:

(adresse): NEG.

G.nr. 28. Br.nr. 9.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Per O. Elgshøen, f. på Elgshøen 1880. Bonde.

SVAR

IA. Det er ukjent at røttar er nytta som fór, anna enn kvannerøter som ikkje så sjeldan vart koka sorpe-løg på til kyrne. Ein tok dei i kjelder så snart desse var fri om våren. Dei vart brukt til å skøyte på med, ofte saman med skav (bark).

B. Kjenner ikkje til at bregner er nytta som fór.

II. Tang og tare er naturleg nok ikkje nytta her, men på Drevdalen (gard i Drevdalen rett aust for Elgshøen på andre sida Skalfjellet) rekna dei med at dei var framfødde når Drevsjøen (ikkje Drevsjøen ved Femunden) gjekk opp om våren. Då sanka dei sjugras der med store river. P.O.E. veit ikkje heilt visst korleis dei gav dette graset, men trur helst krøttera fekk det slik det var.

III. Ukjent.

IV 1. Hestemøkk er ikkje nytta som fór nå, det P.O.E. veit. På Elgshøen slutta dei med det for omlag 15 år sidan. Når dei slutta med det, var det fordi det var for arbeidsamt og fordi det gjekk med for mykje ved til kokinga, og fordi fjøskontrollen hadde funne ut at hestemøkka var skuld i at dei hadde så tynn mjølk. Feittprosenten gjekk og sterkt opp etter dei slutta med hestemøkka. Hestemøkka var ein fast lekk i foringssystemet, ein rekna med at kvar ku skulle ha 1 bøtte (14-15)l. pr. dag.

Veit ikkje om hestemøkka vart nytta slik under siste krigen.

11782

2. Dersom ein hadde mjøl i det, kunne kyrne få litt mjøl på hestemøkka.

3.

3. Hestemøkka vart alltid kokt ein times tid i bryggepanna til vanleg saman med litt høy eller høymø (rusk og rask frå løa). Skjemt høy vart alltid nytta til dette dersom ein hadde det. Elles kunne ein stikke oppi"godbiter"som ein hadde, t.d. litt rognebark. el.

V 1. Det vart slutt med å koka sørpe til dyra for omlaf. 15 år sidan fordi det var for strevsamt. Omlag samstundes fekk ein sildefór.

På Elgshøen har dei nå bryggerhus i fjøset.

Kyrne fekk løggen i bøtter (tre, sidan sink) og sørpa i krubba. Sørpekolle e.l. erxukjent.

2. Det vanlege var å koka sørpa av tøhøy (høy frå jordet) med eit eller anna til (potetlauv, grønfór, lauv). Korn vert ikkje dyrka på Elgshøen, og det var hverken korn eller mjøl i Sørpa, men ei nybære kunne få litt mjøl på Sørpa. Thea Elgshøen (f. i Heggeriset, Engerdal 1883) fortalde at i Heggeriset vart det kokt sørpe på agur men ikkje på korn og mjøl. Einast når ein hadde ei nybore i fjøset; då vart det kokt sørpe på eit kornband og eit eller anna nybæra fekk kornbandet.

3. Både sørpe og løg vart gjeven ly, mjølkely( lunka).

4. Ein sankar ikkje rognebær for å koka dei til sørpe eller nytta dei som fór på anna vis. Men det hende ein koka ein rognekvist med bar på saman med det andre ein hadde i sørpa.

5-6. Uråd å få tak i drank eller mask.

7. Ein hadde løg på kvannrot om våren etter at kjeldene var fri. Høymø vart ofte brukt som sørpefór, likeeins potetstilk saman med høy. Brennesler veks ikkje på Elgshøen. I Heggriset veks dei, men vart ikkje nytta som sørpefor der heller. Kveke vart ikkje brukt til å koke løg på.

Det var ikkje vanleg å koka løg for seg. Løg var på ein måte biprodukt av sørpekokinga.

Å stelle kyrne utan sørpe og løg heitte å "kallstille".

VI. Fiskeavfall vert ikkje nytta.

11782